

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 02.05.2018
Vår ref.: 2018/10100-2
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Att.: Gunn Tove Petterteig

TILSKOT TIL UTVIKLING AV ATTRAKTIVE SENTER TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 150 000 TIL MULIGHEITSSTUDIE FOR ATTRAKTIVE MØTEPLASSAR - TILSEGN-PLAN-56-2018.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 08.02.2018, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 150 000 til prosjektet frå budsjettet for Tilskot til utvikling av attraktive senter.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 01.12.2018.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Kommunen har gjennom politiske vedtak bestemt at det skal lagast eit planprogram for Regionsenteret Husnes. I prosessen med å laga dette planprogrammet var det nokre tema som peika seg ut som viktigare enn andre. Eit slik tema var møteplassar. Kvinnherad kommune har m.a. eit "sentral" fysiske område som kan nyttast, -som er gratis for innbyggjarane, og som vi fleire gangar har vore tenkt på som eit utviklingsområde, men som vi ikkje heilt har sett den gode løysinga på. Området kan vera eit alternativ for ein slik møteplass. Det vil likevel vera noko arbeid med å finna ut kva møteplassen skal innehalda og korleis ein fysisk kan få det til for å oppnå god funksjonell løysing som blir brukt.

Seniorgruppa, som i dag i stor grad er knytt til frivilligsentralen, har etterlyst møteplass for eldre og yngre pensjonistar. Noko av det som vart peika på i planprogrammet var at det må vera lett å melda seg til "teneste" for dei som vil bidra med noko for andre. Ein møteplass som inviterar til dette vil ha stor verdi.

Barnefamiliar har ønskje om å møtast, men det manglar leikerom for mindre barn.

Barnefattigdomsprosjektet peikar på viktigheten av gratistilbod. Dette prosjektet er meint å ha gratistilbod som endeleg mål når vi får realisert ein valt muligheit.

Integrering og inkludering var eit anna tema som kom fram i møtearenaer. Dette gjekk både mot flyktningar og mot einsame mennesker.

Kommunen ønsker at eldre skal bu heime lengst mogeleg og greie seg sjølve. For mange eldre betyr dette å flytta til sentrum for å kunna gå til butikk, apotek, m.m. Husnes sentrum er ein tettstad utan liv om kvelden etter klokka 19.00 Kommunen meiner det er viktig å førebu einsemd (og dermed ofte depresjon). Det kan vi få til dersom sentrum blir meir "levande" og folkerik på kveldstid.

I vedteken økonomiplan for Kvinnherad står det som visjon for Kulturhuset: Å vidareutvikla Kulturhuset Husnes til eit kommunalt og regionalt kraftsenter for kunst og kultur og ein attraktiv arena for møte, kurs, konferansar og seminar. Fokusområdet i perioden har fire satsingar. I det eine satsingsområdet står det: Å få til ei betre og meir effektiv drift av bygningsmassen Kulturhuset Husnes, Biblioteket og kulturskulebygget, med felles mottak. Utvikling av dette området har lenge vore eit ønske frå kultursektoren. Desse lause tankane kan gjennom eit slikt prosjekt bli systematisert og sett på av fleire aktørar for å få eit godt resultat.

Prosjekt mål

Vi håpat at endeleg resultat blir eit vedtak om vidare arbeid med å prosjektera møteplassen. Deretter må prosjektet bli prioritert i kommunen sin investeringsplan for å bli endeleg realisert. Eit mulighetsstudie vil få fram gode prosessar som er av stor verdi når ein seinare skal prioritere investeringar.

Delmål:

1. Det er viktig at møteplassen ikkje aukar driftsutgiftene til kommunen. Området ligg her i dag, men må endrast for å få god funksjonalitet og vi vil ha fokus på bærekraft.
2. Skapa lyst og engasjement til å bidra med tid og kreativitet. Denne prosjekt prosessen vil vi skal vera vid og brei blandt interessegrupper for å skapa engasjement.
3. Utarbeiding av skisser for fysisk utforming. Dette arbeidet vil synleggjera prosjektet og det kan leggast fram for politisk handsaming i neste trinn i prosessen.

Tidsplan og aktiviteter

Februar 2018: søknad om støtte til mulighetsstudie

April/ Mai 2018: idedugnadar, fleire grupper 2-3 gruppesamlingar saman med arkitektkompetanse.

Juni/ Juli/ August 2018: bearbeiding av innkomne idear ("vasking, sortering)

August/ September 2018: Utsending av bearbeida idear/ saman med arkitektkompetanse og forslag til funksjonell møteplass, utsending av dette til referansegruppene for høyring og tilbakemeldingar.

September/Oktober 2018: korrigering event endring etter innspel frå referansegruppene.

Oktober/ November 2018: Mulighetsstudiet blir presentert for fomannskapet.

Desember 2018 : Rapportering på event. tildelte midlar.

Organisering

Prosjektleder: Gunn Tove Petterteig

Epost: gunn.tove.petterteig@kvinnherad.kommune.no

Prosjektorganisering:

Rådmannen har ansvar for prosjektet

Kommunalsjef leiar arbeidet.

Arbeidsgruppa er sett saman av Kommunalsjef, einingsleiar bibliotek, einingsleiar kvinnherad kultursenter og leiar ved frivilligsentralen. Arbeidsgruppa vil invitere andre med ved behov.

Referansegruppene er: Rådet for dei funksjonshemma, Eldrerådet, Sentrumsforeiningen, Undarehim skule, Husnes ungdomsskule v/ elevråda, Ulike grupper ved frivilligsentralen, flyktingtenesta, framandspråk elevar ved vaksenopplæringa, ungdomsklubben og "møteplassen Aksent".

Samarbeidspartnarar:

Ulike grupper innan for kommunetilsette (kulturskulen, biblioteket, kulturhuset, skule, barnehage m.fl.) frivilligsentralen, open invitasjon til engasjerte personar, Husnes vekst og lokalavisa Kvinnheringen.

Forankring i Regional plan for attraktive senter

Hovudmålet i Regional plan for attraktive senter er at «Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.» Nettopp livskvalitet er sentralt i denne søknaden, der innbyggjarane i Husnes er i fokus. Gjennom å sjå på utforming og programmering av eit gitt sentralt fysisk område ønskjer kommunen å skape ein sosial møteplass som skal invitere og inkludere innbyggjarane. Grupper som ein ønskjer å retta seg spesielt mot er pensjonistar, barnefamiliar, flyktingar og einsame menneske. Seniorgruppa på Husnes understreker at dei ønskjer å vere ein ressurs for andre, og gjennom å sjå på mangfaldet ein har i befolkninga og sette saman ulike grupper kan ein oppnå at menneske i større grad kjenner meistring og får ei anna meining i kvardagen.

Vidare har regional plan overordna mål og delmål som søknaden også rettar seg mot:

Overordna mål:

- «Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i.»

Delmål:

- «Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar.»
- «Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet.»

Gjennom satsing på gode, inkluderande møteplassar i sentera kan ein skape eit attraktivt regionsenter. Det er positivt at prosjektet legg vekt på god medverknad, dette er ei føresetnad for å lykkast med prosjektet.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 150 000

Søknadsbeløp: 150 000

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Konsulent	150 000					150 000
Medverknadsmøter	50 000					50 000
Prosjektleiing og administrasjon	150 000					150 000
Sum kostnad	350 000					350 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Eigenfinansiering	200 000					200 000
Tilskot til utvikling av attraktive senter	150 000					150 000
Sum finansiering	350 000					350 000

3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 42,9 %** av dei godkjende kostnader.

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.hordaland.no
- Hordaland fylkeskommune deltek som observatør i arbeidsgruppa for prosjektet.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune. Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan 01.12.2018.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i Løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til regional@hfk.no Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er;

Nina Gjester Hoel

Epost: nina.gjester.hoel@hfk.no

Mobil: 979 85 135

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Marit Rødseth
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Tilskot til utvikling av attraktive senter

Prosjektnamn: Mulighetsstudie for attraktive møteplassar
Tilsegnsnr.: Tilsegn-PLAN-56-2018 **Løyvd beløp:** 150 000
Vår ref. (arkiv): 2018/10100

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Gunn Tove Petterteig

Postadresse: Rosendalsvegen 10,
5470 ROSENDAL

Org.nr.: :

Kontaktperson: Agust Magnusson

Telefon: 53483100 **Mobil:** 90283243

E-post: agust.magnusson@kvinnherad.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er:

Nina Gjester Hoel
Epost: nina.gjester.hoel@hfk.no
Mobil: 979 85 135

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen Eller på epost til sakshandsamar: Anne-Kathrine.Vabo@hfk.no

**TILSKOT TIL UTVIKLING AV ATTRAKTIVE SENTER
SLUTTREKNESKAPSSKJEMA**

Prosjektnamn: Muligheitsstudie for attraktive møteplassar

Tilsegnsnr. Tilsegn-PLAN-56-2018 **Tilskot inntil kr** 150 000

Vår ref.: 2018/10100

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Org.nr. _____ Konto.nr.bank/ post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Tettstadplan		

Vi stadfester også at sluttrapporten som vert fylt inn elektronisk i www.regionalforvaltning.no i forbindelse med oppmoding om sluttutbetaling er godkjent av både prosjektleiar og prosjekteigar.

Godkjent av prosjektleiar:

dato

signatur og stempel

Godkjent av prosjekteigar:

dato

signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen attestert av autorisert rekneskapsførar.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor/ rekneskapsførar:

dato

signatur og stempel

Signert sluttrekneskap lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no